

Til Idrettsråd, særiddrettar og idrettslag

Dato: 15.01.26

FRAMLEGG OM KANDIDATER TIL STYRE OG KONTROLLUTVAL I VESTLAND IDRETTSKRETS

Vestland idrettskrets sitt idrettskretsting 2026 er fastsett til laurdag 18. april 2026.

Valkomiteen er i gang med arbeidet sitt for å finne fram til gode kandidatar til å ta på seg sentrale verv i idrettskretsen.

For å lukkast er vi avhengige av innspel på kandidatar frå organisasjonen. Kva for verv som skal veljast, går fram av vedlegg til dette brevet.

Alle personar som blir foreslått til valkomiteen, må ha sagt seg villige før dei blir foreslått.

Vi ber med dette om at framlegg til kandidatar til verv i Vestland idrettskrets blir sendt til leiaren i valkomiteen, Svein Ove Eikenes, per e-post: svein.eikenes@hvl.no.

Frist: 07. Februar 2026

Opplysningar vi ønskjer om kandidatane er:

1. Namn
2. Fødselsår
3. E-postadresse
4. Telefonnummer
5. Tilknyting til idrettslag/klubb
6. Tillitsverv per i dag og tidlegare verv

Vi gjer særleg merksam på NIF si lov § 2-4. **Kjønnsfordeling**, som omhandlar krav om kjønnsfordeling i organisasjonsledda i NIF. Der heiter det mellom anna:

Ved valg/oppnevning og ved representasjon, skal begge kjønn være representert. Ved valg/oppnevning av mer enn tre personer skal det velges/oppnevnes minst 40% fra hvert kjønn. Bestemmelsen gjelder også der det velges mer enn ett varamedlem.

Vidare gjer vi merksam på NIF si lov § 2-5, 2-6 og 2-7, som mellom anna omhandlar føresegner om valbarheit.

Vestland idrettskrets lov krev at minst eitt medlem i styret som per 31. desember det året valet blir halde, er under fylte 26 år.

Idrettskretsen og sitt formål og oppgåver går fram av **Lovnorm for idrettskretsar § 1.**

NIF si lov og Lovnorm for idrettskretsar finst tilgjengeleg på idrettsforbundet sine nettsider:

<https://www.idrettsforbundet.no/tema/juss/>

Innstilling frå valkomiteen til idrettskretstinget vil liggje føre minst éin månad før tinget blir halde (jf. NIF si lov § 2-16).

Med venleg helsing

Svein Ove Eikenes
Leiar VIK valkomiteen

Andre medlemmar i valkomiteen:

Medlem	Ingeborg Wåge Møgster
Medlem	Stein Bjørhovde
Varamedlem	Gina Blomberg

Vedlegg:

Oversikt over verv som skal veljast – og noverande tillitsvalde

Verv som skal veljast

Idrettskretsstyret*:

Leiar

Nestleiar

4 styremedlemmar

2 varamedlemmar**

* Minst éin av medlemmene skal vere 26 år eller yngre.

** Veljast som 1. og 2. varamedlem.

Kontrollutval:

Leiar

1 medlem

2 varamedlemmar

Noverande tillitsvalte

Styret

Funksjon	Namn	Idrettslag
Styreleiar	Nils R. Sandal	Breimsbygda IL
Nestleiar (fungerande leiar)	Tone Stavland	Bremnes idrettslag
Styremedlem	Anne-Grethe Naustdal	Tambarskjelvar idrettslag
Styremedlem	Jeanette Heggen	Selbjørn idrettslag
Styremedlem	Jan-Erik Weinbach	Sogndal idrettslag
Styremedlem	Magnus Hesjedal Hartwig	Fana idrettslag
1. varamedlem	Natalia Golis	Minde idrettslag
2. varamedlem	Lasse Lerum	Vevring Tae Kwon Do Klubb

Kontrollutval

Funksjon	Namn	Idrettslag
Leiar	Terje Gjertsen	Førde idrettslag
Medlem	Nina Sleen	Stord idrettslag
1. varamedlem	Svein Brunvatne	Lysekloster idrettslag
2. varamedlem	Oddny Grete Njøten	Stryn turn og idrettslag